



Lars Myklebust: - På med piggdekk!

**Omtrent 70 prosent av dei som skiftar dekk hos Auto 88 no før vintersesongen satsar på pigg. Prosenten har vore heller stabil dei seinare åra.**

**Det fortel Lars Myklebust som allereie har skifta dekk for nokre kundar sjølv om det vinterlege verlaget ikkje har meldt seg for alvor førebels og fristen for dekkskift er 1. november.**

- Du anbefaler som før bruk av piggdekk også her på Vestlandet ?
  - Det gjer eg og vil minna om at det fort blir glatt på sidevegane som ikkje vert salta.
- Ein køyrer jo ikkje berre på fylkesvegen.  
Allereie i førre veka vart jo problemet illustrert på nokre staderog det vert nok snart fleire frostnetter med dertil høyrande glatt føre.  
Og hvis ein til og med skal over fjellet er valet sjølv sagt - då er det på med piggane, seier Myklebust.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen